25-September-2014

Til Meland Kommune
Postb.79
5906 Frekhaug

Olav Skår
Odlandsvsgen 909
5918 Frekhaug

Innspel til Kommuneplan

Område 23 Revsgard Grn 38 Brn 2 Har søkt om 3 hytte/fritidstomter ved Varneset. Forstår eg rett så ser Kommunen positivt på dette. Det eg ønsjer å få informasjon om er at det nevnes noko om offentlig tilgang til strandsona, er dette ein forutsetning for tomter eller kva tenkjer Kommunen. I eit slikt tilfelle vil det krevja mykje areal veg-parkering-strand-og Gnr.38/2 kan ikkje astå dette areal mot eit JA.
Vegen som går fram til området er godt bygd på privst inisjativ og skal kompanserast for ekstra bruk.

Område 24B Revsgard
Dette er tomter som er frådelt Gnr.38/2 i samband med brukaskifte 1987-88.
Registrerer at ein tomt er farga gultog at Kommunen ser dette som eit positivt tiltak.
Som brukar på 38/2 er eg eiger av ein tomt og forventar at desse 4 tomter blir vurdert på same vilkår. Her er det framført veg og vatn til tomtegrensa på privat basis.
Har tidlegare søkt om å flytta gamalt våninghus til frådelt tomt sør for der det er idag og har fått avslag . Utan frådeling var synfaringskomite svert positiv.
Ønsjer at Kommunen ser på å flytta gamalt våningshus til haug nord for løe utan frådeling.
Grunngeving for dette er å retta ut tilkomst til nytt våningshus og at eg ikkje ønsjer å bruka midla på eit så gamalt hus på ein slik tomt.

Område 24A Revsgard
I Varneset Gnr.38/2 er det frådelt 5 naust tomter ved brukarskifte i 1987-88 2 av desse er bygd naust på . det tredje er no med i planen som eit positivt tiltak så dersom ikkje dei to andre blir tatt med på same vilkår synest dette er underleg Også hovudbruket kunne kunne ha interesse å få byggja naust her og sers vist Kommunen har plan om offentleg tilgang til strandsona.

Vonar på tilbakemelding på min hendvendelse når tida er der.

MVH. Helsing Grunneigar Gnr.38 Bnr. 2

Olav Skår
..........................................................................